



Miljøverndepartementet  
Postboks 8013 Dep  
0030 OSLO

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)  
201013467-10/740/MAGBJE

Dykkar ref.:  
200804249

Bergen, 02. mars 2011

## Høyringsvar vedr. NOU 2010:10 Tilpassing til eit klima i endring


Vi viser til dykkar brev av 16.12.2010 i samband med høyring av NOU 2010:10 Tilpassing til eit klima i endring. Fylkesutvalet i Hordaland handsama høyringssaka i møte 24.02.2011 (sak 23/11) og gjorde følgjande vedtak om fråsegn:

- NOU 2010:10 Tilpassing til eit klima i endring er eit godt utgangspunkt for å utvikle ein heilskapleg nasjonal politikk på området, og vil også vere ein nyttig reiskap for regionalt plan- og utviklingsarbeid. Fylkesutvalet sluttar seg til dei tre prinsippa for klimatilpassing og dei påfølgjande hovudtiltaka, jf. NOU 2010:10, kap. 1.1.*

*Fylkesutvalet støttar likevel ikkje utvalet sitt forslag om å styrke fylkesmannens tilsynsfunksjon. Fylkesutvalet ønskjer ei prøveordning utan Fylkesmannen i Hordaland når det gjeld dette spørsmålet.*
- Fylkesutvalet meiner det er viktig med ei nær kopling mellom det foreslåtte klimaservicesenteret og forskingsfronten i klimaforskinga, og at det er naturleg å tenkje samlokalisering med det nye klimaforskingssenteret i Bergen. Det bør også vere ei sams lokalisering av klimaservicesenteret og eit av dei fire foreslåtte regionale kompetansesentra.*
- Fylkesutvalet ber om at det snarleg kjem på plass statlege planretningslinjer for bygging nær havnivå.*
- Kulturminnemyndene bør få øyremerkte midlar til å kartleggje konsekvensar av klimaendringar for kulturminnevernet, og det bør utarbeidast ein nasjonal handlingsplan/beredskapsplan for å løyse utfordringane knytt til klimatilpassing av kulturminne og kulturmiljø.*
- For å stoppe forfallet og heve standarden på fylkesvegnettet som ein tilpassing til klima både i dag og i framtida, er det avgjerande at fylkeskommunen får auka inntektsrammer.*

Vedlagt følgjer kopi av møtebok og saksutgreiing.

*Sign.*  
Jomar Ragnhildstveit

  
Magnar Bjørga

Vedlegg: 2